

**UNIVERSITETET I OSLO  
DET HUMANISTISKE FAKULTET**

-----

**Eksamen i**

**NOR1302 - Nordisk barne- og ungdomslitteratur**

**Høst/haust 2016**

Tid: Onsdag 7. desember kl. 09:00 (4 timer).

Sted: Seminarrom 3, 4 og 5 P. A. Munchs hus

Oppgavesettet er på 8 sider, forsiden medregnet.

Oppgavesettet er på 8 sider medrekna framsida.

(Side -3 er bokmål, side 4-5 nynorsk)

## **BOKMÅL**

Eksamenssettet består av to deler.

Del I består av kortsvarsoppgaver. Du skal svare på to av tre oppgaver. Bruk ca. en time på denne oppgaven.

Del II er en langvarsoppgave. Her skal du velge én av to oppgaver. Bruk minst tre timer på denne oppgaven.

### **Del I – kortsvarsoppgaver**

Besvar 2 av 3 oppgaver:

1. Gi en definisjon av bildeboka. Forklar sentrale begreper som brukes i analyser av bildebøker.
2. Gjør kort rede for begrepet barneperspektiv i norsk litteratur for barn. Gi eksempler fra pensum.
3. Magnus Thunes Jensen redegjør i sitt kapittel i Svein Slettans bok *Ungdomslitteratur – ei innføring* (2014) for to typer ungdomsromaner. Hva kaller han disse typene, og hva kjennetegner dem? Gi eksempler fra pensum på de to typene romaner.

## **Del II - langsvarsoppgave**

Velg én av disse oppgavene:

### Oppgave 1

Gi en analyse av Brynjulf Jung Tjønnns *Så vakker du er* (2013) med utgangspunkt i det vedlagte utdraget.

### Oppgave 2

Gi en analyse av Oscar K og Dorte Karrebæks bok *Lejren* (2011) med utgangspunkt i det vedlagte utdraget.

## **NYNORSK**

Eksamenssettet er sett saman av to delar.

Del I består av kortsvarsoppgåver. Du skal svare på to av tre oppgåver. Bruk ca. ein time på denne oppgåva.

Del II er ei langsvarsoppgåve. Her skal du velje ei av to oppgåver. Bruk minst tre timar på denne oppgåva.

### **Del I – kortsvarsoppgåver.**

Svar på 2 av 3 oppgåver:

1. Gi ein definisjon av bildeboka. Forklar sentrale termar som blir brukt i analyser av bildebøker.
2. Gjer kort greie for termen barneperspektiv i norsk litteratur for barn. Gi eksempel frå pensum.
3. Magnus Thunes Jensen gjer greie for to typar ungdomsromanar i kapittelet sitt i Svein Slettans bok *Ungdomslitteratur – ei innføring* (2014). Kva kallar han desse typane, og kva kjenneteiknar dei? Gi eksempel frå pensum på dei to typane romanar.

## **Del II**

Vel ei av desse oppgåvene:

### **Oppgåve 1**

Gi ein analyse av Brynjulf Jung Tjønnns *Så vakker du er* (2013) med utgangspunkt i det vedlagde utdraget.

### **Oppgåve 2**

Gi ein analyse av Oscar K og Dorte Karrebæks bok *Lejren* (2011) med utgangspunkt i det vedlagde utdraget.

-----

## VEDLEGG

*Så vakker du er* av Brynjulf Jung Tjønn

### SOMMER

Eg hugsar aller best dei gule tennene hans.  
Kleda hang som store gardiner på kroppen.  
Lenge sidan iste, Henrik, blunka han, og rekte fram  
handa si.  
Det var som å halde rundt ein svamp.  
Mors bror heitte Simon.  
Den første veka i sommarferien låg han på sofaen på  
dagtid.  
Den første natta med Simon i huset vakna eg av høglydte  
klynk.  
Som jamring frå eit skadeskote dyr.  
Eg stod opp og gjekk ut i gangen.  
Døra inn til badet var halvvegs open.  
Eg gjekk bort og såg inn på ryggen til Simon.  
Han sat på kne framfor toalettet og kasta opp.  
Tømte seg.  
Eg kunne sjå rumpesprekken hans.  
Og ryggvirvelen, nærast bøygde seg ut av huda og  
skinnet.  
Skulderblada baksa som to måkevenger.  
Han kasta opp ein siste gong og datt ned på det harde  
golvet.  
Han vart liggande på sida, pusta tungt, kroppen heva  
seg, sakte.  
Eg bare stod der.  
Eg torde ikkje å seie noe.  
Eg torde ikkje å gå inn.  
Eg bare stod der og stira.  
Det var som om det dampar av den nakne kroppen hans. (s. 7–10)

\*\*\*\*\*

## HAUSTEN

Simon.

Noen gonger er det som om eg ser han stå framfor meg.  
Noen gonger er det som om han framleis er her, til stades.

Tuskande rundt, pratande med mor.

Eller krypande rundt, på alle fire, leikande med meg som liten.

På sjukehuset var han tom for krefter, tom for hjerteslag.

Han såg gjennomsiktig ut:

det sovande hjartet hans, kvilande bak lungene, mellom dei kritkvite ribbeina.

Og eg fekk lyst til å ta tak i hjartet hans.

Køyre handa mi inn i brystkassa hans.

Og gripe rundt den dovne muskelen.

Knipe hardt, om og om igjen.

Få det til å banke igjen.

Få det til å pulsere igjen.

Få det til å skyte blod rundt i Simons kropp.

Men han var gjennomsiktig som eit dødt hav.

[Sideskift]

Eg er aleine med Simon, for siste gong.

Eg sit ved sida av senga hans.

Eg er deg, Simon.

Eg er kritkvit i ansiktet.

Eg veit ikkje om eg pustar eller ikkje.

Eg ligg her, urørleg, i senga.

Eg er kald.

Eg er nyvaska.

Eg er deg, Simon.

Eg ligg her og tenker at eg er død.

Alt eg kjenner til er å ligge her.

Alt eg veit om er å ligge her.

Alt eg tidligare visste, er borte.

Eg ligg her heilt roleg.

Ingen andre tankar, enn å ligge her og la tida gå.

Det er som om eg nesten svevar.

Som om eg nesten ikkje rører senga.

Noen har vaska meg.

Kluten var varm og lukta godt.

Eg likte å bli vaska over ansiktet.  
Over dei tørre leppene, som skjuler dei gule tennene.  
Nå bare ligg eg her og tørkar.  
Kroppen min dampar.  
Er det slik å vere død, Simon?  
Er det slik det kjennes å vere vekke frå verda?  
Å ligge slik og kjenne at tida går?  
Å dampe bort?  
Er det slik det er når ein dør, Simon?  
Er det slik det er å vere der du er?  
Skogen liknar

[Sideskift]

Skogen liknar ei open hand med krokete fingrar.  
Eg og Sverre har cowboyhattar på.  
Kjersti går framfor oss.  
Håret hennar blir flokete i regnet.  
Liknar tang og tare, men luktar eple og grantre.  
Det er her, seier eg.  
Det er her vi skal slå opp teltet.  
Eg kjenner meg igjen.  
Staden kor eg og Simon overnatta.  
Den vesle, sildrande bekken.  
Mosen på bakken.  
Hjelper du meg? spør eg og ser på Sverre.  
Har aldri gjort det før, men eit telt må vi vel klare? seier han.  
Vi balar ein del før teltet er oppe.  
Opnar kvar vår ølflaske.  
Ingenting smakar betre i regn enn øl, seier Sverre.  
Utover kvelden klarnar det opp.  
Eg og Kjersti held rundt kvarandre.  
Vi ligg tett i tett i soveposen.  
Vi skal aldri dampe bort. (s. 111–115)